

## Den som ler sist

Ina, Sam og Kanon-farfar ber skattkista mellom seg.

Dei er tilbake i byen.

«Kvar er det vi skal, Sam?» spør Ina.

«Vent og sjå,» svarer han.

Etter ei stund stansar Sam framfor ei dør.

På døra står det «Mynthandlar».

Mynthandlaren er spent på kva som er i kista.

«Det er berre tøringar,» seier Kanon-farfar.

«Gamle pengar kan vere verdifulle,» seier mynthandlaren.

Han ser nøye på myntane. Etter ei stund seier han:


«Desse myntane er verde mange pengar. Sikkert 100 000 kroner.»

«100 000 kroner!» roper Ina, Sam og Kanon-farfar.

«100 000 kroner til biblioteket!» jublar Ina.

«Dette vil det stå om i avisa,» seier Kanon-farfar.

«Trur du det?» seier Ina.



### Oppgåver:

Sjå Arbeidsboka side 101.

Gjer oppgåvene 3, 5, 6 og 7.